

Korleis påverkar latter trivsel?

Kva skjer med trivselen når vi gir smil og latter meir plass i kvardagen?

I denne forskarsprinten skal de undersøkje dette ved å lage hypotesar, teste dei ut og dele resultata dykkar.

1 Dette lurar vi på



Korleis kan latter påverke trivselen din?

2 Hypotesar



Kva trur de kan vere svaret på problemstillinga? Lag fleire forslag og vel éi hypotese de vil teste.

Døme på hypotesar:

«Vi trur latter gir energi, fordi ein kjenner seg vaken og glad.»
“Vi trur latter smittar, fordi vi blir glade når andre smiler.”

Hypotesen vår:

3 Plan for undersøking



Korleis vil de teste hypotesen dykkar? Kanskje med eit lite lattereksperiment, eller ved å lage ei spørjeundersøking? Kva utstyr treng de?

4 Test hypotesen



No gjennomfører de planen. Hugs å skrive kva som skjer.

5 Drøft og samanfatt



Samanlikn resultatet av testinga med hypotesen. Kva fann de ut? Stemde hypotesen dykkar? Skriv ned det viktigaste de vil dele med klassen.

6 Del med andre



Fortel klassen kva de har oppdaga. Høyr på dei andre gruppene og samanlikn funna dykkar. Diskuter kva klassen samla har funne ut om smil og latter og tenk over om det er andre det kan vere nyttig eller interessant å dele dette med.

